



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Fylkeshuset

6404 MOLDE

Dykkar ref.

Vår ref.  
12/225-1 EN

Dato

20 FEB 2012

**Statsbudsjettet 2012 – Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar for regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift – Tilskotsbrev**

Tilsegn nr.: 12 414010

### 1 Innleiing

Eg syner til Prop. 1 S (2011–2012) for Kommunal- og regionaldepartementet, Innst. 16 S (2011–2012) og orienteringsbrev av 6. oktober 2011. I brevet her gjev departementet rammene til fylkeskommunane over kap. 551, post 61 for budsjettåret 2012. Eg syner òg til brev av 9. januar 2012 med fordeling av midlane på kap. 551, post 60 Regional utvikling i fylkeskommunane, som mellom anna inneheld presiseringar av dei dokumenta som er nemnde ovanfor, og som òg gjeld for kap. 551, post 61.

Den totale ramma på kap. 551, post 61 er for 2012 på 628,6 mill. kr. Løyvinga omfattar mellom anna midlar til å dekkje tilsegnfullmakta på 100 mill. kr som alt er disponerte i 2011, men som blir utbetalte i 2012. I tillegg er det gjeve ei tilsegnfullmakt på 100 mill. kr som først kan utbetalast i 2013. Tilskotsbrevet omfattar ei løyvingsramme for dei ordinære kompensasjonsmidlane og restmidlane for 2012. Kompensasjonsmidlane er utrekna til 505,05 mill. kr, og restmidlane er utrekna til 123,55 mill. kr.

### 2 Fylkesvis ramme

Ramma til **Møre og Romsdal fylkeskommunen** er fastsett til **94,75 mill. kr.** Vedlegget til dette brevet syner fordelinga av kompensasjonsmidlane og dei såkalla restmidlane som er merkte breiband og annan infrastruktur.

Av ramma på 94,75 mill. kr kan 79,68 mill. kr utbetalast i 2012. Resten, 15,07 mill. kr, er ei tilsegnsmakt der midlane først kan utbetalast i 2013. Dette går òg fram av det nemnde vedlegget.

Løyvinga som er stilt til rådvelde, skal disponerast i samsvar med reglementet for økonomistyring i staten, Prop. 1 S (2011–2012), retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61, statsstøtteregulverket, brevet frå departementet av 9. januar 2012 og presiseringane i tilskotsbrevet her.

### **3 Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar**

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru*. Eg syner til tilskotsbrevet av 9. januar 2012 til fylkeskommunane, punkt 3. Der er det ein nærare omtale av dei overordna måla og strategiane og av prioriterte målgrupper.

### **4 Nærare om bruken av ramma på kap. 551, post 61**

#### **4.1 Kompensasjonsmidlane**

Fylkeskommunen prioriterer sjølv mellom ulike typar innsats i samråd med sine regionale partnarar innanfor måla, rammene og retningslinjene for posten. Målet er å få til ein brei næringsretta innsats, med særleg vekt på å utvikle næringsliv og arbeidsplassar i område som ikkje fekk innført differensiert arbeidsgjevaravgift på nytt, eller som fekk innført ordninga med høgare sats enn før 2004. Midlane skal, som hovudregel, nyttast i desse områda med mindre det er semje mellom partane om at midlane skal ha eit anna geografisk nedslagsområde. Det kan vere fornuftig med samarbeid på tvers av regionar og kommunar for å fremje ei positiv utvikling i dei områda der ordninga gjeld.

#### **4.2 Restmidlane**

Ramma for restmidlar er fordelt på fylke med kommunar innanfor heile det distriktpolitiske verkeområdet. Sjå vedlegg 1. Ramma er fordelt på fylka etter dei same objektive kriteria som blei nytta ved fordelinga av midlane under kap. 551, post 60.

I 2012 skal fylkeskommunane prioritere utbygging av breiband til område som ikkje har tilbod om breiband i dag. Når alle har fått eit tilbod om breiband som svarer til 640/128 kbit/s, skal midlane disponerast slik at ein prioriterer å auke kapasiteten på nettet i område som elles ikkje kjem til å bli utbygde av kommersielle aktørar. I fylke der ein har oppnådd full breibandsdekning med stor nok kapasitet, kan midlane brukast til annan infrastruktur og andre nærings tiltak, mellom anna å få til betre mobildekning, etter avtale med departementet. Dette inneber at fylkeskommunen må skaffe seg skriftleg samtykke frå departementet før det blir sett i verk tiltak.

Dei fylkeskommunane som tidlegare har fått godkjenning frå Kommunal- og regionaldepartementet for annan bruk av midlane enn til breibandsutbygging, treng ikkje sende inn ny søknad. Det føreset at dei tiltaka eller føremåla som blir støtta, er tiltak eller føremål som departementet tidlegare har gjeve godkjenning.

### ***Krav i samband med breibandsutbygging***

Ved tildeling av tilskot til breiband må fylkeskommunane setje desse krava:

1. Tilskotet skal nyttast til å byggje ut infrastruktur for breiband.
2. Tilskotet skal gjevast etter konkurranse for å tryggje at dei tilgjengelege midlane blir utnytta så godt som råd.
3. Tilskotet må tryggje at både husstandane, næringslivet og offentleg sektor blir dekte i utbyggingsområda.
4. Tilskotet må tryggje at det blir høve til konkurranse på tenester og innhald.

Departementet legg til grunn at prioriteringa mellom ulike prosjekt er i tråd med måla og strategiane i fylkesplanane eller konkrete planar for støtte til utbygging av breiband i område utan marknadsdekning.

ESA har fastsett retningslinjer for offentleg støtte til bygging av raskt breiband for å tryggje at det blir konkurranse, og for å unngå at private investeringar blir fortrenge av prosjekt med offentleg støtte. Departementet syner i samband med dette til eige brev av 22. desember 2010 om retningslinjene.

Departementet ynskjer å auke kunnskapen om resultatet av bruken av midlane til breiband og vil ha ein dialog med fylka om korleis ein best kan måle dette.

For annan infrastruktur og andre næringstiltak gjeld dei generelle måla og retningslinjene for løyvinga.

## **5 Anna rettleiing**

Retningslinjene for kap. 551, postane 60 og 61 er dei same som i fjor. Når det gjeld dei punkta som er nemnde nedanfor, syner eg til tilskotsbrev av 9. januar 2012:

- Tilhøvet til andre aktørar og operatøransvaret for bedriftsretta verkemiddel.
- Særskilde satsingar under Kommunal- og regionaldepartementet og nasjonale verkemiddelaktørar.
- Forholdet til Distriktssenteret, profilering og omdømme.
- Økonomiforvaltninga.
- Rapportering, oppfølging, evaluering og fristar.
- Informasjons- og kommunikasjonsarbeidet.

### **5.1 Overføring av midlane**


Ramma til fylkeskommunen blir overført to gonger i 2012: ca. 1. mai og ca. 1. oktober. Den delen av ramma som blir gjeven som tilsegningsfullmakt, blir utbetalt i januar 2013.

Departementet kjem til å overføre midlane til dei same kontoane som i 2011 med mindre departementet får melding om at fylkeskommunen ynskjer noko anna.

### **Avslutning**

Eg ber om at fylkeskommunane orientere deltakarane i partnerskapen om innhaldet i dette brevet, og ynskjer fylkeskommunane og partnerskapane lukke til med utviklingsarbeidet i 2012!

Med helsing

  
Liv Signe Navarsete

Vedlegg: Fylkesvis fordeling av løyvinga på kap. 551, post 61 i 2012.

Kopi til:

Distriktssenteret

Innovasjon Norge Hovedkontoret

KS

Norges Forskningsråd

SIVA

Fiskeri- og kystdepartementet

Samferdselsdepartementet

Forsynings-, administrasjons- og kirkedepartementet

Kulturdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Nærings- og handelsdepartementet

Miljøverndepartementet

Riksrevisjon

Plan- og administrasjonsavdelingen